

# HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

c/o Viken Skog BA, Postboks 50 Sentrum, 3504 Hønefoss

Tlf.32103000, Faks 32103001

**HG-NYTT**

**Nr.23 Desember 2011**

**Red. Nils Bjørn Vistad**

**Mobil 900 33 113**

**E-post: [nbv@viken.skog.no](mailto:nbv@viken.skog.no)**

## ***Haustmøte i Kinsarvik 03.12.2011***

Haustmøtet samla som vanleg alle aktuelle organ på Hardangervidda, som i tillegg til den opne «fagdagen» på laurdag, heldt sine eigne møter på fredag. Herunder hadde m.a. HG sitt styremøte (omtale lenger ned).

Fagprogrammet var sett opp av Hardangervidda Villreinutval, og som vanleg rikhaldig og interessant. Frå innhaldslista nemner ein bl.a.:

- Haustens jakt (fellingsresultat), v/Villreinnemnda
- Analyse av resultatet og bruk av kontrollkort, v/Villreinutvalet
- Oppsynsrapport v/SNO og Politiet
- Motorferdsel i samband med jakta, v/Tilsynsutvala
- Villreinen på Svalbard, v/Olav Strand
- Masteroppgave om jegerkonsentrasjonar, v/Lena Romtveit
- Villreinjakta på vestvidda, v/Fjellstyra i Hordaland
- Dyretalet på Hardangervidda frå 1850 og fram til i dag, v/Johan Vaa
- Frå saga om tamreinholdet på Vidda, v/Kjell Bitustøyl

Svein Erik Lund oppsummerte i si analyse «hovudutfordringa».

*Å ha ein så stor bestand at dyra «sprer seg» godt, også over mot Vestvidda (12-13000 dyr), og samstundes ha på plass praktiske opplegg (eks. samjaktavtaler) som muliggjer uttak av eit stort nok antall, til at det er forsvarleg å ha så mange dyr (stor basisbestand)!*

## ***Forvaltningsplanprosessen***

HG tok i brev av 15.07.11 til DN, opp ymse sider ved prosessen og resultata ein hadde opplevd under arbeidet med revisjonen av forvaltningsplanen for Hardangervidda. Ein var m.a. sterkt kritisk til viktige sider av saka, og hadde også fremma dette fleire gonger før.

I svarbrev frå Direktoratet, av 06.10.2011, bekrefter DN at det er særst viktig å ha «en bred og involverende prosess» i slike revisjoner. Vidare skriv direktør Janne Sollie at ho har oppfatta kontroversene i saka, at det justerte seg noko i positiv lei på oppløpssida og at ein vonaleg har lært noko for seinare prosesser.

Interesserte kan få kopi av dette brevet ved å vende seg til sekretæren.

## ***Forvaltningsplanen som trykksak***

Etter lang tid ligg endeleg planen klar i papirutgåve (utsendt frå FM Hordaland ved brev av 25.10.2011 (eigentleg godkjent i januar). Dette er ei trykksak på opp mot 100 sider, som ein kan få tilsendt ved å kontakte FMHO v/Øistein Aasland, tlf.55572322 eller ved e-post til [fmhooaa@fylkesmannen.no](mailto:fmhooaa@fylkesmannen.no)

## ***Styremøter i HG***

### ***Sporanes på Rauland, 02.06.2011***

Konstituerande møte i heimen til ny leiar, Johan Vaa, ved kanten av Totak. Drøfting av vedtekter, arbeidsform, tilslutnad/medlemskap, nettadresser og økonomi. Vidare diskuterte ein representasjonen i Villreinutvalet (sjå nedanfor), rypeprosjektet og trygging av arkivmaterialet etter Sverre Tveiten.

### ***Kinsarvik Fjordhotell i Ullensvang, 02.12.2011***

Styremøte i samband med haustmøtet/fagmøtet.

Styret er opptatt av at alle kommunar skal vera representert i styret, sjølv om dette kan vera tungrodd frå tid til annan. Ein gjer framlegg i lemping av krav til vedtaksført styre (reduisert til 3 frammøtte og full einskap) og smidigare val av leiar i HG. Vala skal gjerast av årsmøtet, men i respekt for dei prosesser som går lokalt (les: årsmøtet skal velge den som er fremma frå lokalt hald på demokratisk vis).

Tidvis er reist spursmålet om representasjonen (arealmessig) i VU er rettferdig nok i dag. Heilt rett kan dette aldri bli, dersom utvalet ikkje skal verta for stort. Styret meiner etter ei samla vurdering, at det likevel ikkje er grunnlag for å endre den praksis ein har i dag.

Styret vedtok at både årsmøteprotokollar og styremøteprotokollar blir å legge ut på heimesida.

Elles vart drøfta skuterbruken til SNO, medlemstilslutnad, e-postadresser til medlemmene og prosedyre ved val av Villreinnemnd.

## ***Omorganisering av SfH og Hardangervidda Fjelloppsyn***

Av ulike årsaker er det ei tid arbeidd med sammenslåing av dei to formelle organa SfH og HF. Med dagens krav til rekneskap, revisjon, registrering mv. er dette både tungt og unødig kostbart. Det går i retning av samordning til eitt aksjeselskap med nytt namn og vedtekter.

Nils Bjørn Vistad, sekr.

